



Utgangspunktet for fotturane i sentrum og omegn er Røldal kyrkje. Rundturane i bygda passar for alle, også for handicappa og familiar med små born som treng barnevogn.

Røldal Church is the point of departure for all the walks in Røldal and surroundings. These round-trips are suited for all, also the disabled and families with small children in prams.





Foto: Kai-Inge Melkeraen

### Rute og ymse av interesse

**Røldal stavkyrkje** vart bygd på 1200-talet. Mange segner og legender knyer seg til kyrkja, mest kjend er ho for det undergjerande krusifikset som hadde lækjande verknad på sjuke og vanføre. Alt på 1300-talet byrja flokkar med pilegrimar å søkje til kyrkja ved jonsoktider for å delta under messa Jonsoknatta.

Etter trua og tradisjonen sveitta krusifikset berre denne eine natta, livsviktig var det å få tak i litt av desse sveittedropane, for det var nok å stryka dropane over sjuke lemmer, så fekk dei nytt liv. Jonsokmessene, med røter i den katolske trua, heldt fram i om lag 300 år etter at den evangelisk-lutherske læra vart innført i Noreg, men under messa i 1835 vart det gjort inngripen frå prost og biskop som førte til at denne gamle kyrkjelege handlinga med opphav i ei anna kristen retning tok slutt.

### Alt I: Kyrkja-Prestegarden-Krokenteig(bustadfelt)-Myra-Bygdemuseet-Bank/post-kyrkja.

Terrang: Fast vegdekke i lett kupert terrang. Gangstien er brattaste partiet med tre trappesteg innlagt.  
(*kan skape problem for rullestolbrukarar*).

Tid: 45 min - 1 time

Litt aust for kyrkja (1) tek ein av til venstre frå hovudvegen og kjem inn på ein veg som fører fram til Prestegarden (2) ved byrjinga av stigninga. Gardshuset vart bygd i andre halvdel av 1800-talet og er framleis bustad for presten.

Vegen fører vidare fram til bustadfeltet i Krokenteig (3) med særigein

### Route and places of interest

The **Røldal Stave Church** was built in the twelve hundreds and is the theme of many stories and legends from medieval times. Best known is the crucifix with healing powers which already in the thirteen hundreds attracted pilgrims to the annual midsummer night mass at the church.

Legend has it that the crucifix broke into a sweat on this particular night and it was of utmost importance to the sick and lame to get some drops of this sweat, which, when applied to the sick limbs, miraculously restored them to health. Curiously, this midsummer night mass, with its origin in Catholic beliefs, continued for some 300 years after the Lutheran reformation in Norway. In 1835, however, the bishop had had enough and put a stop to such wayward practices.

### Alternative I: The Church - the Parsonage - Krokenteig (residential area)- Myra Farm - Village Museum - Bank- the Church.

Terrain: The footpath traverses undulating country and is well kept with a solid surface. The steep part with three steps built in may cause some difficulty for wheelchair-users.

Time: 45 min. - one hour

Turn left off the main road just east of the Church (1) and proceed to the Parsonage (2). The Parsonage was built in the last half of the nineteenth century and still serves as the parson's residence.

The road goes on to the Krokenteig residential area (3) with its unique



arkitektur. Ein gangsti fører opp til bygdevegen ved garden Myra (4). Her bryt ein av til venstre og følgjer vege fram til Bygdemuseet (5) på garden **Hauge** som ligg på høgre hand tett inntil vege. Her er ope og med omvising om sommaren.

Rundturen fører vidare forbi Aldersheimen (6) ned til vegkrysset ved bankbygget (7) der ein bryt av mot venstre i krysset og følgjer hovudvege ned forbi Røldal Skysstasjon til kyrkja.

### Utvida variant av turen ovanom:

Terreng: Stigning frå Myra (4) til Hagen, bratt nedstigning forbi Stengårdsbakken (11)  
Ekstra tid: 45 min.

Dei som ønskjer det kan utvida turen om Hagen (9), grenda mot aust i midtbygda. Når ein kjem opp gangstien frå Krokenteig, vert det å bryte av til høgre og følgje bygdavege forbi Myra (4) og Tveito (8), vidare oppover om Juvet-gardane med bratte jorder ned til Storelva, og fram til Hagen-grenda (9). Her ligg fire gardar tett saman, mest som i eit klyngetun.

Frå tunet i Hagen (9) kan ein følgje den gamle vege forbi Hagaminne Camping fram på riksvege vestover/nedover til Rabba-gardane (10) kjem i syne, ein på kvar side av den nye ferdselsåra. Nedanfor Rabbe nedre vert det å bryte av mot venstre og ta ned ein stikkveg forbi Stengårdsbakken (11) på høgre hand før ein kjem ned på bygdevege igjen mellom Myra (4) og Bygdemuseet (5).

### Alt. II: Kyrkja-Bruleite-skulen/den gamle marknadsplassen-Skephøl-Lynghamrane-Oppistov gard-Kloppene-kyrkja.

Frå kyrkja følgjer ein vege oppover til Bruleite (12) ved riksvege der brua fører over Tuftaelva. Elva har fleire gonger gjennom tidene gjort skadeverk på åker og eng i flaumperiodar.

Ein følgjer vege nedover langs elva på vestsida. Ned til høgre ligg skulen og grendahuset (13). I dette området låg den gamle marknadsplassen som i eldre tider var eit handelsknutepunkt mellom vest- og austland.

Omlag 500 m nedanfor Bruleite er det nå bygd ein demning over det gamle elvefaret til Storelva og Tuftaelva. Staden heiter Skephøl (14) og var plassen der dei i eldre tider skipa dyredriftene over elva; det var dyr frå heile bygda som skulle på stolar og sommarbeite i Tveitlia og Blåbergdalen på sørsida av vatnet, eller det kunne vera geitedrifter frå bygdene i vest som var på veg over til Haukelifjell på sommarstolar.

Frå Skephøl fører vege på kunstig anlagt grunn fram til ein kryssar det nye elveutløpet like ved kraftstasjonen som er bygd på tuftene til den gamle garden Lynghamrane (15). Grunnen, som no er tilplanta med bjørk og furu, består vesentleg av steinmassar frå tunnelarbeid i samband med kraftutbygginga på 1960-talet.

Frå Lynghamrane følgjer me vege austover over flate veldyrka jorder på Fjetland, med garden Oppistov (16) på venstre hand. I austre enden av den rette vegstrekninge fører vege over Storelva ved Kloppene (17). Før det kom bru på staden, kunne folk og fe ved lite og moderat vassføring kome seg over elva. Frå brua passerer vege Røldal hyttegrend på tur attende til kyrkja.

#### Hugs:

*Grunneigarane har opna opp for turvege, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.*

#### Remember:

*The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.*

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.

architectural style. From here a footpath leads up to the local road by the farm Myra (literally: The Bog) (4). Turn left here and follow the road to the Village Museum (5) at Hauge farm on the right near the road. The museum is normally open with guided tours during summer.

The walk continues past the senior citizen's home (6) to the junction by the bank (7). Turn left here and follow the main road past the old Røldal Posting Station back to the church.

### Extended variant of this walk:

Terrain: Ascent from Myra (4) to Hagen and steep descent past Stengårdsbakken (11).  
Extra time: 45 min.

Those who wish may extend the walk to include Hagen (9) which is reached by taking the path from Krokenteig as before, but turn right along the local road past Myra (4) and Tveito (8) and continue to Juvet Farms, identified by the steep fields sloping towards Storelva. You soon reach Hagen-grenda (9), which contains the buildings of four separate farms in a cluster or «tun».

From the compact hamlet (tun) in Hagen (9) take the old road past Hagaminne Camping on the main road and proceed west/down until you see Rabba-gardane (10), one on each side of the main road. Turn left below Rabba onto a shortcut past Stengårdsbakken (11) on the right and proceed until you are back on the local road between Myra (4) and Bygdamuseet (5).

### Alternative II:

The church - school and old marketplace - Skephøl - Lynghamrane - Oppistovgard - Kloppene - the church.

Take the road from the church to Bruleite (12) where the bridge crosses Tuftaelva. This river has repeatedly caused damage to adjacent farmland during floods.

Follow the road along the west side of the river and below to your right you will see the school and Grendahuset (13). The old marketplace was located in this area. It was once an important meeting place for traders from Eastern and Western Norway.

Some 500 metres below Bruleite there is a dam across the old riverbed to Storelva and Tuftaelva. This place is called Skephøl (14) and is where cattle and sheep were floated across in the old days on their way to summer pastures in Tveitlia and Blåbergdalen on the south side of the lake. Some times droves of goats from farms to the west came across here to reach summer pastures and mountain shealings as far away as Haukelid.

From Skephøl the path proceeds to the crossing of the new riverbed by the power station which is built on the old foundations of the farm Lynghamrane (15). The ground in this area consists primarily of rock fill from tunnelling during hydroelectric developments in the 1960's. It is now planted with birch and pine.

The walk continues eastward across well-tended fields at Fjetland with the farm Oppistov (16) on the left. After going straight east for a bit, the road crosses Storelva at Kloppene (17). Before the bridge was built, there was a natural ford here that could be crossed by people and cattle providing the river was not running too high. After the bridge the path takes you past Røldal Hyttegrend and back to the church.